


# KYRKJEBLAD

Nr.5

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

51. årg.



*Jesus du er den himmelveg  
som til Gud Fader oss leier.  
Frelsa det er å finna deg,  
liv og uvisnande heider.  
Du er all skapnings ljøs og liv,  
verdi då enn i mørker sviv,  
vinglande vilt mellom graver.*

*Ljoset det inn i mørkret skin,  
mørkret det ikkje vil fata.  
Gud sende verdi Sonen sin,  
verdi då honom må hata.  
Han mellom sine eigne stend,  
er då av verdi ikkje kjend,  
gjeng som ein framand i verdi.*

*Jesus eg høyra vil til deim  
som etter deg du kan nemna!  
Lat meg ved deg til himmelheim  
dagleg få styra og stemna!  
Utan din arm i miss eg gjeng,  
før du meg høgt på ørneveng,  
til eg i himmelen hamnar.*

*Elias Blix*

## Kan ekteskapet verta betre

Det skriv psykiater Hans Olav  
Tungesvik om i ein artikkel på  
side 3.



## Søndagsskulens Dag

Skal vera på Stanghelle i år.  
Les om det side 5.

## Les i dette nummeret!

Frå farne tider  
Side 2

Bergsdalsstemnet  
Side 4

Avskil med Lars  
Ragnvaldsen  
Side 5

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 11. september 1997.

Bladet kjem ut i veke 41 som byrjar med 6. oktober.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5280 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

**Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 09.00-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 44 54

Mobiltilf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:


Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.



På kyrkjeveg konfirmasjonssundag.

**Frå farne tider**

Biletet over er frå oktobernummeret i 1950. Elles tek me denne gongen med nokre glimt frå septembernummeret i 1957.

**Kvinnestemme**

15. september 1957 vart det halde kvinnestemme på Dale. Stemna opna med gudsteneste ved misjonsprest Lars Bjørsvik. Etter gudstenesta var det høve til å kjøpa kaffi i Forsamlingshuset. Om ettermiddagen synte Lars og Gunvor Bjørsvik opptak frå generalforsamlinga til Misjonsselskapet i Trondheim. Ekteparet Bjørsvik reiste i oktober same året ut att til Formosa.

**Speidarjobb**

17. - 19. september 1957 var det råd å få speidarjentene til å utførra ein jobb. Målet for innsamlinga for kvar jente var 5,- kr. Minimumsgodtgjersla var 1,- kr for kvar jobb eller 1,- kr for kvar time.

Pengane skulle gå til å avhjelpa nauda mellom flyktningar i Europa.

**Jubileum**

Me kan også lesa at Dale tekstilarbeidarforening 30. November dette året skulle feira at dei var 50 år. I det høvet skulle det vera festgudsteneste i kyrkja.

## KAN EKTESKAPET BLI BETRE?

Av psykiater Hans Olav Tungesvik.

Til spørsmålet i overskrifta kan det i dei aller fleste tilfelle svarast eit «Ja». Større og mindre skavankar som det kan gjerast noko med, finst vel i dei fleste ekteskap og andre partilhøve, såsant sansane er opne og viljen til å sjå er til stades. Ofte er det små endringar som treng gjerast for at ektefellene kan koma nærare kvarandre og få ein betre kommunikasjon.

**Men vilkåra er altså:**

1. Opne sansar.
2. Vilje til å gjera endringar i egne haldningar.

Kommunikasjon. Det er eit viktig stikkord. Den amerikanske psykiateren Ross Campbell skriv i boka si om foreldre og tenåringar fylgjande: «Einkvar tenåring fortener foreldre som lever i ekteskap prega av kjærleik, gjensidig respekt og god kommunikasjon.»

Nettopp kommunikasjon er eit vilkår for eit levande samspel mellom ektefellene, og dette samspelet er i sin tur avgjerande for at det kan bli skapt ein atmosfære som er god å veksa i for dei sjølve og barna.

No kan kommunikasjon vera så mangt: **A:** Verbal kommunikasjon, orda våre, tonen vår, måten me formidlar våre tankar, meiningar og ynskje til kvarandre på. **B:** Kroppsspråket vårt, faktar, ansiktsuttrykk, haldningar, kjærteikn.

I det daglege tenkjer nok dei fleste lite på det, men desse små signala i kvardagen kan i lengda verka avgjerande inn på tilhøvet sin kvalitet.

### Samlivets vitaminer

Gordon Johnsen brukte uttrykket «samlivets vitaminer», og eg skal her presentera ei utvida liste over slike vitaminer som kan gjera dårlege ekteskap gode og gode ekteskap betre.

1. Sjølve fundamentet under kvart ekteskap - kall det gjerne ekteskapets hus - er **truskapen**, den vedhaldande viljen til truskap. Utan at begge partar kjenner seg trygge på at den andre er klinkande klår her, er all annan vitamintilførsel ganglaus.

2. Ligg fundamentet i punkt 1 fast, så er også grunnlaget til stades for at partane kan gjera seg

nytte av **vitamin nr. 2: Tillit**, i det grunnleggjande spørsmålet ovanfor og i alle andre spørsmål. Eit godt fungerande ekteskap krev at partane kan lita på kvarandre i alle samanhengar, at dei veit kor dei har kvarandre og slepp spekulera på om det ho eller han sa i fullt alvor, eigentleg var sant.

3. Ross Campbell talar om gjensidig respekt. Kan du tenkja deg noko meir sårt og pinleg enn når ein mann talar nedlatande om kona si i andre sitt påhøyr, eller når ei kone i veners nærver talar om kor duglaus mannen hennar er? Respekt for kvarandre sine tankar, meiningar og kvalitetar er eit vitamin som ikkje noko ekteskap kan vera utan, om det skal kallast godt.

### Openhet

4. Openhet i tilhøvet er heilt naudsynt for at det skal bli godt for begge partar. Om somme menn blir det sagt at han er ein mann av få ord, og det treng ikkje vera noko minus. Men i tilhøve til ektefellen er det viktig at ingen er så lukka at den andre må gå omkring og gissa på kva den andre tenkjer. Det må vera ein villighet til å dela alt som på nokon måte vedkjem begge, utan at det dermed er sagt at kvar detalj skal fram.

5. **Nærleik og godhug** er to sentrale vitamin som det for mange ektefeller er avgjerande både å få og å gi om dei skal ha det godt saman. Det kan vera dei små kjærteikn i kvardagen som tel mest, eller det kan vera dei meir intime samver i ektesenga. Viljen til å gi er det avgjerande. Blir det tale om krav, så blir det meste øydelagt.

6. Eit heilt uunnverleg vitamin i eit kvart partilhøve er vilje til **tilgjeving**. Alle som lever så tett saman som i eit ekteskap, vil før eller seinare koma til å sára eller gjera urett mot den andre. At der då er vilje til oppgjer, forsoning og tilgjeving er heilt avgjerande for at tilhøvet i det heile skal fungera. Ordet tilgjeving er det viktigaste i alt som skjer mellom ektefellene.

I tillegg til desse grunnleggjande vitamin, som høyrer til sikringskosten i ekteskapet, vil eg avslutningsvis og nemna eit par forfriskande krydder for ekteskapet: **A. Humor. B. Fantasi.** Eg går ut frå at kvar den som les det som her er sagt, no kan konkludera med at hans og hennar ekteskap har potensiale i seg til å bli betre enn det er i dag.

KPK

## Bergsdalstemna


Søndag 10. august var folk samla i Bergsdalen kyrkje for å feira den årlege Bergsdalsstemna. Stemna tok til første gong i 1873. Dette året var veret noko av det finaste det har vore.

Bård-Egil Dyrhol heldt preike om farisearen og tollaren der han sterkt understreka at me ikkje måtte mela oss mot dei som er lågare enn oss. Me måtte sjå oppover og mela oss etter den meles-taven slik at me i oss sjølv vert små og har bruk for at Gud er nådig mot oss.

Etter gudstenesta var det kaffi, dravle og brus pluss medbrakt mat før me fekk nyta finveret og leika oss i det fri.

Ettermiddagssamlinga var ei song og vitnesamling. Jan Arve Birkeland og kona deltok med song og Julia Harbrecht spela piano.

R.K.



## ADAMS DAM

JEG VILLE GJERNE ARBEIDE FOR FRED PÅ JORDA, HERRE, MEN HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?



HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN EN KIRKE GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN ETT LAND GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

HVA KAN ETT INDIVID GJØRE?

## Søndagsskulens Dag

I år er det Stanghelle bedehus som er staden for **Søndagsskulens Dag** den 7. September. Det heile tek til med **familiegudstenste** med Frode Kvamsøe klokka 11.

Etter gudstenesta vert det matøkt der ein har med seg mat og kan få kjøpa kaffi, te og brus.

Tradisjonen tru vert det ymse leikar og anna i pausen før ein avsluttar det heile med ei samling i bedehuset.

Så me vil oppmoda alle som har høve til å ta turen til Stanghelle den 7. September. Både barn, foreldre, besteforeldre og andre er hjarteleg velkomne.



Leik høyrer til på Søndagsskulens Dag.

Arkivfoto: Ragnvald Kringlebotten



## Avskil med Lars Ragnvaldsen

Søndag 22. juni hadde Lars Ragnvaldsen si siste organistesteste i Dale kyrkje før han tok til i Vangskyrkja på Voss.

Etter festen skipa soknerådet til samling i Dale bedehus. Frå soknerådet fekk Lars ei T-skjorte med bilete av Dale kyrkje og orgelet. Han fekk òg ein flott kniv. Lars fekk blomar på festen (biletet til venstre).

Foto: Eli Kringlebotten

## HAUSTHELG

Det vert hausthelg på Fagertun  
19. - 21. september.  
Alder: 4. - 7. klasse.

Påmelding og informasjon:  
**Norges Samemisjon,**  
**Bergen Krets,**  
**Sparebankgaten 4 A,**  
**5017 Bergen.**  
**Tlf. 55 31 65 06**  
9.00-14.00, ikkje onsdag



## KYRKJESTADEN

### DALE 100 ÅR Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje  
biletstoff både i svart/kvit og i  
fargar og er til sals for:

kr. 150,-  
hjá Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.  
Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5280 Dalekvam .  
Tlf. 56 59 61 20

## Opp og ned for misjonærtalet

Talet på misjonærar i dei norske misjonsselskapa er att- ende på nivået frå 1. januar 1995 etter ein auke i 1995. Medan talet var 1.481 for vel eit år sidan, er det no nede i 1.396, som er omlag det same som januar 1995 då det var 1.410. Men i 1991 var det oppe i over 1.500. Det syner tal som KPK har fått frå Norsk Misjonsråd.

Tala omfattar norske misjonærar som er ute meir enn eit år, personale ved misjonen sine skular for misjonærbarn samt misjonærar på mellombels heimeopphald. Opplysningane viser at den til dels store stigninga som norsk misjon hadde i etterkrigstida, har stoppa opp det siste tiåret.

Ser me på dei enkelte misjonsorganisasjonane, har Pinsevennenes Ytremisjon no eit samla misjonærtal på 297 mot 324 for eit år sidan og 266 for to år sidan, Det Norske Misjonsselskap 251 (som for to år sidan) medan dei 1. januar ifjor hadde 331, og Norsk Luthersk Misjons- samband 440, opp frå i fjor då det var 396, og litt over talet frå året før då det var 436.

Elles viser oversynet følgjande tal: Ungdom i Oppdrag 62 (69 for eit år sidan), Den norske santalmisjon 105 (119), Det norske Baptistsamfunn 8 (10), Den Nordiske Kristne Buddhistmisjon 12 (5), De Frie Evangeliske Forsamlinger 37 (35), Den Evangelisk Lutherske Frikirke 28 (33), Den Norske Israelmisjon 8 (11), Den norske Misjonsallianse 33 (35), Den norske Muhammedanermisjon 5 (5), Den Norske Tibetmisjon 18 (20),

Det Norske Misjonsforbund 31 (30), Evangelisk Orientmisjon 12 (9), Frelsearmeen 19 (21), Metodistkirkens Misjonsselskap 6 (6), Wycliffe Bibel oversettere 11 (6), Det Norske Bibelselskap 1 (1). Tala frå Operasjon Mobilisering ligg ikkje føre, men dei hadde 13 i fjor. 60 prosent av det samla misjonærtalet er kvinner.

KPK



## BIBELORD I DAGLIGTALE



«Se skriften på veggen»  
Daniel 5, 5 ff

**BIBELN**  
Norges mest leste bok  
med ord for hverdagen.  
**DET NORSKE BIBELSELSKAP**

**SLEKTERS GANG****DØYPTE****DALE**


22.06 Kim André Helle Austgulen  
06.07 Karoline Brekkhus  
20.07 Jonas Auro Indrebø  
03.08 Sara Farestveit  
03.08 Odd Inge Tvetervås Eliassen  
03.08 Hanne Dale Sellevold  
17.08 Anette Hansen Dalseide

**STAMNES**

20.07 Vegard Straume

**EKSINGEDALEN**

03.08 Oddgeir Emanuel Lavik  
Bjørge

**VIGDE****DALE**

21.06 Anne-Lise Vaksdal og  
Ole Johnny Domben  
16.08 Grethe Faugstad og  
Ole Kristian Risnes

**VAKSDAL**

21.06 Gerd Elin Berg og  
Wiggo André Marx


**STAMNES**

21.06 Linn Janka Lilletvedt og  
Jarle Lindås

09.08 Wenche Høines og  
Frank Helge Ulevik

**EKSINGEDALEN**


02.08 Tone Hansen og  
Asbjørn Flatekval

**AVLIDNE****DALE**

30.06 Anna Forthun, f.1909  
01.07 Ragna Roe, f.1913  
07.07 Thorvald Waldemarsen, f.1912  
29.07 Mary Tollefsen, f. 1925  
10.08 Herborg Faugstad, f. 1910

**STAMNES**

25.04 Julius Kallestad, f.1914  
28.04 Klara Johanna Eikemo, f.1913  
04.07 Torbjørn Alsing Aspås, f.1939  
11.07 Else Borghild Dyvik, f. 1924  
20.07 Johannes Vedå, f.1919

**VELKOMEN TIL  
KYRKJE****7. september - 16. søndag****etter pinse**

**STANGHELLE BEDEHUS kl. 11.**  
Familiegudsteneste i samband med  
Sundagsskulens Dag. Kvamsøe.  
Offer til Bergens Søndagsskolekrets.  
**STAMNES KYRKJE kl. 17.**  
Kvamsøe. Dåp. Konfirmant-presentation. Offer til Fredagskaféen.  
**VAKSDAL KYRKJE kl. 18.**  
Dyrhol. Konfirmantpresentasjon.  
Offer til Norges Kristelige Student-  
og Skoleungdomslag.

**14.september - 17.søndag****etter pinse**

**DALE KYRKJE kl.18.** Kvamsøe.  
Konfirmantpresentasjon. Offer til  
Fagertun leirstad.

**21.september - 18.søndag****etter pinse**

**BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.**  
Dyrhol. Nattverd.  
**VAKSDAL KYRKJE kl. 19.**  
Dyrhol. Nattverd. Offer til  
Kalfarkollektivet.

**28. september - 19. søndag****etter pinse**

**DALE KYRKJE kl.11.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til NLA. 50- og 60-  
års konfirmantar.  
**NESHEIM KYRKJE kl.11.**  
Dyrhol. Nattverd.  
**STAMNES KYRKJE kl.18.**  
Kvamsøe.Nattverd. Offer til NLA.

**5.oktober - 20.søndag etter****pinse**

**VAKSDAL KYRKJE kl.11.**  
Dyrhol. Nattverd.  
**EKSINGEDALEN KYRKJE**  
**kl.20.** Dyrhol.

**12.oktober - 21.søndag etter****pinse**

**DALE KYRKJE kl.11.** Kvamsøe.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Soknerådsvale etter gudstenesta.  
**EIDSLAND KYRKJE kl.17.**  
Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkje-  
lydsarbeidet. Soknerådsvale etter  
gudstenesta.

**19.oktober - 22.søndag etter****pinse**

**VAKSDAL KYRKJE kl.11.**  
Dyrhol. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Soknerådsvale etter gudstenesta.  
**STAMNES KYRKJE kl.11.**  
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Soknerådsvale etter gudstenesta.

**OBS -  
KORT FRIST**

Som de ser av meldinga side 2 er  
fristen til nummer 6 kort. Det er den  
fordi me vil ha neste nummer ut før  
soknerådsvale tek til 12. oktober.  
I neste nummer vil me ha med ein  
del stoff om valet.

R.K